

## MØTEBOK FRÅ GENERALFORSAMLING I AUFERA A/S HOVUDUTSKRIFT

Møtedato: 22.05.23.

Møtetid: 16.00 – 16.15


Møtestad: Aufera

<b>Desse møtte:</b>	<b>Varamedlem som møtte:</b>
Hege Ramsland, Austrheim	
Jostein Borlaug, Alver	
Else Marie Dale, Alver	
<b>Forfall:</b>	
Erling Herøy, Stig Øien, Einar Villanger Fedje hadde alle meldt forfall.	
Otto Nordby og Reidar Øksnes var kalla inn, men møtte ikkje.	

Det var såleis 3 representantar, og 50 % av aksjekapitalen representert.

Det var sendt ut melding om møtedato 24.03.23 .Innkalling og sakspapir var sendt med epost 10.05.23. og revisjonsmeldinga var sendt 15.05.23.

<b>Frå eigarane møtte:</b>	Per Lerøy, ordførar Austrheim Stian Herøy, ordførar Fedje Nina Bognøy, varaordførar Alver Martin Kulid, assisterande kommunedirektør Alver
<b>Frå styret møtte:</b>	Kirsti G.Floen, Alver Oddmund Vikene, Austrheim Magnus Kvingedal, Austrheim Inger Morken Ellingsen, Alver
<b>Dessutan møtte:</b>	Dagleg leiar, Kari Smith





## Sakliste:

Sak nr.:	Sakliste:
01/23	Opning Val av møteleiar Val av møteskrivar Registrering av møtande aksjeeigarar Val av to personar til å skriva under møtebok Godkjenning av innkalling og sakliste
02/23	Godkjenning av årsrekneskapen for 2022
03/23	Dekking underskotet for 2022
04/23	Godkjenning av godtgjersla for styret
05/23	Val av styre, styreleiar og varafolk

### Sak 01/23 **Opning av møtet v/styreleiar Kirsti G.Floen**

Styreleiar opna møtet og ynskte velkommen.  
Framlegg på Kirsti G.Floen som møteleiar og Kari Smith som møteskrivar.  
Ingen andre framlegg. Møtande aksjeeigarar vart registrert. Det møtte 3 av 6 representantar, og soleis var 50 % av aksjekapitalen representert.  
Framlegg på Hege Ramsland og Jostein Borlaug til å skriva under møteboka.  
Det var ingen merknad til innkalling og saklista.

#### Vedtak:

Møteleiar: Kirsti G. Floen  
Møteskrivar: Kari Smith  
Skriva under på møtebok: Hege Ramsland og Jostein Borlaug.

### Sak 02/23 **Godkjenning av årsrekneskapen for 2022**

Rekneskap og revisjonsmelding var sendt ut på førehand. Den viser eit underskot på kroner 12 466,-. Dagleg leiar gjekk kort gjennom rekneskapen, og orienterte om at ein driv svært nøkternt, men som hjå andre merkar ein renteauke, prisauken på straum, drivstoff m.m. Vidare håpa ho at etter at «gamlehuset» vart selt og ein slepp forsikring, straum og kommunale utgifter på det, vil 2023 verta betre resultat. Ingen spørsmål til rekneskapen.

#### Vedtak:

Generalforsamlinga godkjende samrøystes rekneskapen og revisjonsmeldinga for 2022 slik den ligg føre.

### Sak 03/23 **Dekking underskot for 2022**

Årsrekneskapen synte eit underskot på kroner 12 466,-.



Vedtak:

Generalforsamlinga vedtok samrøystes at underskotet vert dekkja av eigenkapitalen til Aufera AS.

**Sak 04/23 Godkjenning av godtgjersla for styret**

Styret gjer framlegg om at godtgjersla vert uendra. Godtgjersla til styreleiar er kroner 12 000,- pr år og møtegodtgjersla er 750,- pr møte.

Vedtak:

Generalforsamlinga vedtok samrøystes framlegget frå styret.

**Sak 05/23 Val av styre, styreleiar og varafolk**

Ordførar på Fedje, Stian Herøy la fram innstilling frå valnemnda:

Styreleiar: Kirsti G.Floen, Alver – attval 1 år

Styremedlem: Magnus Kvingedal, Austrheim – ikkje på val

Styremedlem: Oddmund Viken, Austrheim – ikkje på val

Styremedlem: Inger Morken Ellingsen, Alver – ikkje på val

Styremedlem: Einar Villanger, Fedje – attval 2 år

Vara: Morten Øien, Fedje - attval 1 år

« Ann Kristin Leirvåg, Austrheim attval 1 år

« Bjørn Tore Vakt skjold, Alver attval 1 år

« Annette Sylta, Alver ny 1 år

Vedtak:

Generalforsamlinga vedtok samrøystes:

Styreleiar: Kirsti G.Floen, Alver – attval 1 år

Styremedlem: Magnus Kvingedal, Austrheim – ikkje på val

Styremedlem: Oddmund Viken, Austrheim – ikkje på val

Styremedlem: Inger Morken Ellingsen, Alver – ikkje på val

Styremedlem: Einar Villanger, Fedje – attval 2 år


Vara: Morten Øien, Fedje attval 1 år


« Ann Kristin Leirvåg, Austrheim attval 1 år

« Bjørn Tore Vakt skjold, Alver attval 1 år

« Annette Sylta, Alver ny 1 år

Underskrift

  
Hege Ramsland

  
Jostein Borlaug

Etter generalforsamlinga var det orientering om verksemda frå dagleg leiar